



Årsplan 2014-2015 Spesiell del



Innleiing:

Denne planen er ein del av Gjerdane barnehage sin årsplan frå 2014-2017. Årsplanen vår er todelt; ein generell del, med mykje info om barnehagen og måten vi jobbar på, og ein spesiell del, som inneheld meir konkrete planar for dette barnehageåret og den barnegruppa vi har no.

Begge delane kan ein finne på nettsida vår, gjerdane.barnehageside.no, eller få den utdelt i papirform frå barnehagen.

Gjerdane barnehage har i år 48 barn i alderen 1-6 år, fordelt på dei tre avdelingane Gullfisken, Marihøna og Sommarfuglen.

Dette barnehageåret har vi ei ekstra satsing på forteljarglede. Dette er ein del av ei større og meir langsiktig satsing på språk. Med denne satsinga ønskjer vi at både små og store skal bli trygge på å bruke språket sitt aktivt saman med andre. Vi brukar alle slags situasjonar til å samtale, setje ord på tankar og kjensler, fortelje historier for kvarandre, og ikkje minst skape nye historier i lag. Vi øver oss på å snakke framfor ei gruppe, og på å bruke konkretar for å få fram den budskapen ein vil formidle.

De kan lese meir om korleis kvar avdeling tenkjer å jobbe med dette under kvar avdeling sin del i årsplanen.

Dersom de som foreldre har ønskjer, innspel eller spørsmål til korleis vi jobbar her i barnehagen, set vi stor pris på at de gir tilbakemelding til oss i barnehagen.

Vil med dette ønskje alle eit godt og innhaldsrikt barnehageår!

Tove Hanebrekke Starheimsvik
Styrrar

Kontaktinfo:

Gjerdane barnehage
Fossevegen 2
6770 Nordfjordeid
Tlf 95864013

gb@eid.kommune.no

Gullfisken	97128473
Sommarfuglen	97077313
Marihøna	97116735

Opningstider

Barnehagen er open frå 6.45 til 17.00 alle kvardagar. Barnehagen er stengd i påskeveka, og mellom jul og nyttår.

1. Planleggingsdagar dette året:

15. august
6. og 7.oktober
2.januar
15.mai



Barnehageplassar:

Samansetjing av barnegruppa vert gjort om våren ved opptak til nytt barnehageår. Vedtektene for opptak står i vedtektene for barnehagane i Eid kommune.

Oppseiing av barnehageplass må gjerast frå 1. eller 15. i kvar måned. Når barna skal over i skulen, må barnehageplassen seiast opp. Oppseiingstida er 1 måned.

Foreldreråd og Samarbeidsutval

Kva rolle og oppgåver foreldreråd og samarbeidsutval har, kan de lese om i den generelle delen av årsplanen.

Representantar i samarbeidsutvalet og verneombod dette barnehageåret er:

Foreldra:

- Hilde Løvik
- Vara: Jeanett Dalseth Endal
- Sveinung Pile
- Vara: Else-Marit Hatledal

Personale:

Haldis L. Nesbakk
Vara: Doris S. Kolseth
Laila Dahlgren
Vara: Sissel Høyenes

Eid kommune

Sekretær:

Verneombod:

Webjørn Moa
Tove H. Starheimsvik
Elna Aaning Olsen

Organisering av kvardagen.

Dagsrytmen i barnehagen er i grove trekk lik for alle avdelingane for å oppnå mest mogleg heilskap i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet. Det vil likevel vere litt variasjonar med omsyn til alder, barnegruppe og aktivitetar.

Hovedmåltidet har vi kl 11.30 på alle 3 avdelingane. Her dekker vi på bordet med variert utval av pålegg, og barna smører maten sin sjølv. Mange klarer det heilt

åleine, medan andre må ha litt hjelp og støtte frå ein vaksen, før ein plutselig klarer det heilt sjølv.

Rundt kl. 14 får barna fruktmåltid, og skive eller knekkebrød etter behov.

Frå 6.45 til 7.30 er det berre ei av avdelingane som er open. Foreldra er då ansvarlege for å levere barna på den avdelinga som er personale på. Vi samlast og på ei avdeling med dei barna som er igjen frå 16.30 til 17.00.

Kjernetida i barnehagen er frå 9.30-14.00. I denne tida har vi det meste av planlagde og frie aktivitetar. Det er viktig at de gir beskjed om barna kjem seinare enn 9.30, slik at vi kan styre aktivitetane utifrå det.



GULLFISKEN

Dette barnehageåret har vi 10 Gullfiskar her i barnehagen.

2013-modellane er: Harald, Jenny, Iselin og Willow

2012-modellane er: Ari, Jakob, Jonas E, Oddmund, Anna og Jonas FH

Personale som er saman med barna på Gullfisken er :

Laila Dahlgren, pedagogisk leiar

Haldis Lindset Nesbakk,

fagarbeider

Marry-Ann Vambeseth, assistent

Elna Aaning Olsen, fagarbeider



Slik ønskjer vi å jobbe på Gullfisken dette barnehageåret:

Ved oppstart til nytt barnehageår vil vi bruke god tid på lære barna gode rutiner i dei ulike rutinesituasjonane.

- Handvask. Vi vaskar hender før måltid og etter dobesøk.
- Måltid. Viktig med gode samtaler, viser vanleg bordskikk t.d. behandle maten skikkeleg, vente på tur og sitte med bordet til ein er ferdig å ete.
- Av/påkledning. La barna få kle på det dei klarer sjølve. Dei vaksne hjelper og støtter barna vidare i av/påkledinga.
- Do-gåing/bleieskift. La borna få bruke den tid dei treng på badet. Oppmuntre til å sitte på do/potte. Minne borna på handvask etter dobesøk.
- Leik. Gjennom leik og i møte med andre born og vaksne lærer borna korleis ein skal vere mot kvarandre. Vi vaksne rettleiar og hjelper borna i kommunikasjon med andre.

Vil også bruke god tid til at alle på avdelinga (både born og vaksne) skal bli godt kjende med kvarandre. Vi skal vise at vi bryr oss om kvarandre. Sette oss inn i kvart enkelt barn sin familie og nære personar. Dette ved å la barna få fortelje det dei klarer sjølve og ved å sjå i "bøkene" som foreldra har laga til barna.

Forteljarglede

Vi har dette barnehageåret valt å jobbe med språk- og språkstimulerande aktivitetar med hovudfokus på forteljarglede. Noko vi synest er viktig for å stimulere barna til forteljarglede er å ha nok tid, og vi vaksne må vere flinke til å lytte og prøve så godt vi kan å forstå det barna vil fortelje oss. For å skape forteljarglede her på avdelinga har vi laga oss ein forteljarkalender som heng på døra i garderoben, vi har ein perm med kjende bilder for barna og vi bruker familiebøkene til barna aktivt. Vi vil og fortelje mykje evntyr, og andre forteljingar, både i samlingane og i meir spontane situasjonar

Elles gjennom året vil vi følgje årstidene, sjå og oppleve dei endringane som skjer rundt oss.

Haust. September, Oktober og November kjem vi til å ha fokus på dette:

- Sjå etter endringar som skjer ute i barnehagen og når vi går på tur
- Mørketid - Refleksbruk.
- Brannvern
- Basar - Barn i andre land. Lage gevinstar til basaren

Vinter. Desember, Januar og Februar

- Juleførebuingar. Lage litt julegåver/pynt, synge Julesongar, julebakst, nissefest, julebord med barna og julefortellingar.
- Studere snø og is. Ha eksperiment som kva skjer med snøen når vi tar den inn i barnehagen. Og kva skjer med vatn når det frys.
- Lage ting av snø og is. Konstruksjonsleik.
- Førebu oss til karneval/bokstavfest. Lage oss enkle kostymer som begynner på barnet sin bokstav.

Vår. Mars, April og Mai

- Sjå etter endringar som skjer rundt oss ute i barnehagen og når vi er på tur.
- Lære namn på nokre av blomstrane og fuglane vi ser når vi er ute. Lukte på blomstrar vi ser og lytte til lydar fuglane lagar.
- Lamming. Vi prøver å få til besøk til nokon som har sauer og lam i nærleiken av barnehagen.
- Snakke om dei ulike kroppsdelane, kva dei heiter og kva funksjon dei har. Spa-samling, der vi tar fotbad til dempa belysning og roleg musikk, saft og frukt.
- Påskeaktivitetar

Sommar. Juni, Juli og august

- Nyte sommaren, vere mykje ute
- Jonsokfeiring. Kle oss ut som brud og brudgom. Besøk på Sjukeheimen.
- Besøk og tilvenning av nye barn

Under dei ulike tema vi er innom og har fokus på kjem vi til å vere meir eller mindre innom alle dei ulike fagområda i Rammeplanen.

Vi skal få til turar i nærmiljøet. Gjere barna kjende med kva vi har i nærmiljøet rundt barnehagen vår (Golvsengane barnehage, sjukeheimen, Mehltunet, hestesenteret, Operahuset, kyrkjeparken, barneskulen, Sjøgata, Eidsgata osv.) Vi vil fortsette å bruke litt tegn til tale, og vi syng mykje saman med barna. Kvar månad velger vi ut nokre sangar, rim og regler som passar til tema vi jobbar med. Forteljning og dramatisering av eventyra vil vi også prøve å få til. Dei eventyra vi kjem til å bruke mest er Bukkane Bruse, Tornerose, Gullhår og Rødhette.



SOMMARFUGLEN

På Sommarfuglen har vi i år 19 barn som er fordelt i fylgjande grupper:

Rødkløverane -> Sivert, Henrik, Ada Sofie, Maria og Thea

Blåklokkene -> Simen, Odin, Aleksander, Elias V, Trym, Hans Erik, Iver, Jane Kristin og Malene

Solsikkene -> Osman, Elias E.T, Linus, Ragna og Ole Jakob.

Personale dette barnehageåret vil sjå slik ut;

Torill Espelund: Pedagogisk leiar

Marte Starheimsæter: Pedagogisk leiar/Barnehagelærer

Bodil Nygård: Assistent

Doris Stave Kolseth: Fagarbeidar

May Ines Navelsaker:
Ekstraressurs



I dette barnehageåret vil vi ha hovudfokus på forteljarglede. Dette handlar om å la borna bli trygge på å bruke språket sitt i ulike samanhengar og på ulike måtar. Like viktig er det å bli trygge på å kunne både gje og ta imot positiv respons frå andre, og å kunne lytte til kva andre seier og bli ein god lyttar. Med bakgrunn i dette har vi valt oss ut nokre metodar og tema som vi vil jobbe med for å motivere borna på ein positiv måte til å bruke språket, gjennom leiken.

Vi vil;

- Lage skyggeteater med utgangspunkt i eventyra om «Bukkane bruse» og «Løva og musa». Dei vaksne vil introdusere desse eventyra fyrst på ulike måtar, som t.d. gjennom flanellografar, lesing av eventyra og handdukker. Målet er at borna skal bli trygge nok på å bruke skyggeteater som metode til å framføre det for andre grupper i barnehagen.
- Bruke forteljarkalendar i garderoba der borna får fortelje om opplevingar/hendingar som har vore viktig for dei.
- Bruke forteljarkort til å lage historier og forteljingar som barna sjølv får produsere.
- Gje barna fyrstehandserfaringar som grunnlag for samtaler og gode og kreative historier.

I tillegg skal arbeidet med forteljarglede vere synleg i dei andre situasjonane i barnehagen, og i arbeidet med ulike tema, gjennom heile året. Slike situasjonar er t.d. temasamlingar, måltid, av -og påkledning, stelle - og toalettsituasjonar, lesestunder og turar i nærområdet. Alle desse situasjonane er gode arenaer for innhaldsrike samtalar når vi som vaksne gjev barna tid og rom til det.

Den frie leiken er ein av dei viktigaste arenaene for å bruke språket på ein god og positiv måte i samhandling med andre barn. Vi kjem difor til å fokusere på denne type leik, og gje barna tid og rom for den frie leiken. Dette fordi barn ofte har ein meir fantasifull og kreativ kommunikasjon seg imellom enn saman med vaksne (Jmfr Rammeplanen).

Andre tema gjennom dette året vil blant anna vere;

- *Brannvern:* Vi skal gjennomføre både ei planlagd brannøving og ei som ikkje er planlagd. Vi skal høyre på brannalarmen og gjere oss kjende med rutinar i tilfelle brann. Vi avsluttar dette temaet med besøk av brannbilen.

- *Trafikktryggleik:* Her skal vi blant anna jobbe med refleksbruk, mørketid og bruk av sykkelhjelm. Vi vil bruke beltedyret «Tarkus» i formidlinga både av desse og andre tema under trafikktryggleik.
- *Barn i andre land:* Vi lagar gevinstar og arrangerer basar der inntekt i år går til FORUT.
- *Advent/jul:* Her skal vi bruke historia om «Pulverheksa og julenissen» som førjulssforteljing. Vi kjem til å lese ein del av historia kvar dag, for så å henge den på kalendaren vår, slik at det blir ei komplett forteljing når vi kjem til jul.
- *Karneval:* Denne gongen vil vi ha bokstavfest på karnevalet. Barna er med og lagar kostymene sine sjølve. Alle kler seg ut som noko som byrjar på same bokstav som namnet sitt.

MARIHØNA



Barnegruppa:

Dette barnehageåret er vi 19 barn på Marihøna; 11 gutar og 8 jenter.

Når vi delar oss i aldersdelte grupper ser gruppene slik ut:

«Rødkløverane», født i 2009: Kaja, Konstanse, Milka, Arne og Sander

«Blåklokkene», født i 2010: Tonje, Emma Louise, Tuva, Salma, Rune, Jonah og Samuel

«Solsikkene», født i 2011: Katrine, Emil, Eivind, Sverre, Sverre, Liam og Severin

Personalgruppa:

Sissel Høyenes, pedagogisk leiar

Marte Starheimsæter, barnehagelærar

Roger Nygård, assistent

Mette Hjelle, fagarbeidar

Marry-Ann Vambeseth, assistent

«Forteljarglede»


Dette året er det fyrste i ein temabolk med satsingsområde - språk. Vi skal ha fokus på språkstimulering via «forteljarglede».

Det overordna mål for temaet er å gje barna ei god og allsidig språkstimulering ved hjelp av forteljingar.

Delmål:

Barna skal få:

- oppleve glede av å klare å formidle noko til dei andre i gruppa. Det kan vere noko dei har opplevd, eller noko dei har lyst til å fortelje
- oppleve at dei andre er interessert i å høyre kva du vil fortelje
- øve på å bli gode lyttarar
- oppleve glede ved å lage/dikte historier som vi tek vare på og skriv ned.
- Vere med på å dokumentere det vi har gjort på når vi har vore på turar eller hatt andre aktivitetar
- Lage flanellografar av kjente eventyr/historier som barna kan bruke



Dette vil vi jobbe med gjennom heile året. Samlingane i små grupper er fine å bruke til dette. Måltidet er også ein fin arena for å dele gode historier.

Når vi går på tur skal vi ha med oss ei turbok som vi skriv ned opplevingar frå turen i.

Vi skal prøve å lage litt bøker med bildetekst frå turane.

Vi skal dikte og fantasere, og lage eventyr og historier ved hjelp av forteljarsteinar eller berre ved hjelp av fantasien.

Personalet må vere gode modellar og vise glede når vi formidlar våre historier, eller når vi les bøker. Innleving og engasjement er viktig for å skape interesse.

Andre tema gjennom året er:

Årstidene, Barn hjelper barn (Fn dagen og basar), høgtidene, brannvern og trafikktryggleik.

I adventstida kjem vi til å ha «Pulverheksa og julenissen» som adventskalender ilag med peparkakehjerta våre.

Til karnevalet skal det bli «bokstav-fest». Vi lagar oss kostyme som begynner på fyrste bokstav i namnet vårt.

Førskulegruppa

I førskulegruppa dette året har vi ti barn, fem frå kvar avdeling. Vi er ilag kvar fredag formiddag og det er Sissel, Torill eller Marte som byter på å ha ansvaret for opplegget. Kvar førskulegruppe har ei økt med høgtlesing.

Hausthalvåret:

- Meg sjølv; måle høgd og teikne seg
- Songleikar
- Arbeidsoppgåver; klippe, lime, teikne, lære nye omgrep
- Trafikk; Tarkus snakkar om mørketid og refleks
Besøk av Nordfjord trafikkstasjon
- Bokstavar
- Klokka



Vinter- og vårhalvåret:

- Bokstavar
- Tal
- Arbeidsoppgåver med ulike tema
- Rim og regler
- Vitsar og gåter
- Trafikk; Tarkus snakkar om å bruke sykkelhjelm, og om korleis vi skal gå i trafikken
- Besøk på Hjelle og Nordfjordeid skule
- Sykkeldag
- Overnatting i barnehagen

AKTIVITETAR I LØPET AV BARNEHAGEÅRET

Her er ei liste over faste arrangement i barnehageåret:

- Rikskonsert/ andre forestillingar og 16.9
- Fotografering - gruppe- og portrettbilde 31.10.
- Kafe/Basar i tilknytning til FN dagen. Innsamling til fadderbarnet vårt og FORUT. I år er det basar fredag 24.10 kl.14.30-16.30..
- Lucia-feiring - vi går Lucia opptog på Eid sjukeheim fredag 12.12. Vi bakar Lussekattar til denne dagen.
- Adventstund i Eid kyrkje (barn som har fri kan vere med med følgje av ein vaksen.) På denne deltek berre storbarnsavdelingane.
- Julebord for barna tysdag 16.12 - vi pyntar oss og går på Bryggen hotell og et god mat og dessert. Det vert her ein eigenandel på kr 50,-.
- Nissefest med julegraut 18.12. - Vi kler på oss nissehue, går rundt juletreet, et graut og kanskje kjem nissen????
- Barnehagen sin bursdag 24.januar. Vi feirar fredag 23.1 med foreldrekaffi frå kl. 14.30. Minikonsert ca. kl.15.15.
- Karneval fredag 13.2 - I år blir årets karneval ein bokstavfest. Dette er knytt opp til vår satsing på språk. Barna er med på å lage sitt eige kostyme, og vi lagar noko som begynner på same bokstav som namnet til barnet.
- Show på hestesenteret -Kvart år brukar vi å bli inviterte på show på hestesenteret i regi av hestelinja ved Fjordane folkehøgskule. Dette opplegget er laga rundt ulike tema, og passar best for dei større barna. Vi har difor valt å ha med berre Blåklokker og Rødkløverar dit.
- Vårfest - barnehagetog i Eidsgata med påfølgande feiring her i barnehagen. Dette vert ein av siste dagane før 17.mai.
- Jonsok feiring 23.6 - Vi plukkar blomster, kler ut jonsokbrurepar og går på besøk til sjukeheimen der vi deler ut små blomsterbukettar og syng og underheld dei som bur der.



12.9



På

jonsokfeiringa på sjukeheimen er det Blåklokkene og Gullfiskane som deltek. Feiringa held fram i barnehagen med alle barna, og vi kosar oss med gele.

- Dugnad dersom behov.
- Sommarfest - dette er eit samarbeid mellom barnehagen og samarbeidsutvalet. Underholdningsinnslag frå barnehagen. Dei som skal slutte i barnehagen får ein liten overrasking. Kos og grilling etterpå.
- Avslutningstur for 6 åringane - Dagstur

Det kjem alltid tilbod om ulike arrangement vi kan vere med på gjennom året, dei vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Det kan bli tatt ein liten eigenandel på enkelte aktivitetar. (t.d julebord og kino)

Gjerdane barnehage har valt å ikkje la nokon henge opp plakatar eller dele ut noko til barna om aktivitetar som er på fritida. Dette fordi det høyrer privatlivet til og at ein ikkje skal føle seg pressa til å delta. Dette gjeld og utlevering av bursdagsinvitasjonar.



